

Årsmelding 2023

Årsmøtet og styret

Seniornett Førde hadde årsmøte 10.mars 2023 i Musikkrommet på Førdehuset.

Tillitsverv

Styret i perioden har vore:

Leiar: Knut Johan Mikkelsen

Kasserar: Kurt Grønli

Skrivar: Aslaug Vårdal

Varamedlem: Torleif Håland

Andre verv:

Revisor: Jon Gunnar Løland

Valnemd i perioden har vore:

Leiar: Helge Hovland

Medlem: Astrid Farsund

Medlem: Esther Farsund Klausen

Varamedlem: Magnus Kapstad

Aktive medlemmer

31.12.2023 var det registrert 110 medlemmer i Seniornett Førde.

(I tillegg kjem 4 nye kursdeltakarar i haustsemesteret 2023). Dette er 7 færre medlemmer enn for eitt år sidan.

Ved slutten av 2023 hadde vi 48 aktive kurs medlemmer.

Til minne

Hildur Hafstad Smådal døydde 18. august. Gravferd var fredag 1. september. Hildur var av våre mest trufaste kursdeltakarar. I alle år, frå haustsemesteret i 2011 og fram til vårsemesteret i 2021, møtte ho jamt på våre kursdagar. Eit minneord om henne la vi ut på vår nettside,

Styrearbeid og aktivitetar

I 2023 har vi hatt 3 styremøte og behandla 15 saker. Referata frå styremøta er lagt ut på nettsida til Seniornett Førde.

Digital festival

Digital Festival er eit samarbeid mellom Seniornett Førde, Førde Bibliotek og Førde Friskliv og Frivilligsenter. Digital Festival i 2023 vart arrangert torsdag 21. september i Ustillingssalen i Førdehuset. Hovudtema i 2023 var «*Ny på nett*».

47 personar deltok på Digital festival i 2023.

VO-midlar og Prosjektmidlar

For heile året har vi rapportert inn 28 VO-kurs med 234 deltakarar. Vi er registrert som grasrotmottakar hos Norsk Tipping. Gjennom momskompensasjons ordninga får vi tilbakeført betalt mva.

Økonomi

Foreininga har ein trygg økonomi.

Datastove Sunnfjord

I 2023 har Datastove Førde gjennomført tre kurs der 16 deltakere fullførte. Datastove Sunnfjord var eit samarbeidsprosjekt mellom Seniornett Førde og Førde Pensjonistlag. Kjell Sandnes frå pensjonistlaget er leiar, medan Bjørg Ladehaug er vår representant og har fungert som kursleiar.

Datastove prosjektet vart avslutta av regjeringa 31.12.2023.

Instruksjon

Årsmøtet 10.mars 2023 gav styret i oppgåve å utarbeide aktivitetsplan. Då dei fleste medlemmane ville fortsette som før, delegerte Styret oppgåva til instruktørane, som i samarbeid utforma aktivitetsplanar.

Instruktører og hjelparar

Knut Johan Mikkelsen kom inn som ny instruktør i vårsemesteret. Han har tilført oss både ny og spennande datakunnskap. Gjennom året har Knut og Arne Sandnes vore faste instruktører for fredagsgruppene i lag med Monrad, medan Egil og Monrad har tatt seg av torsdagsgruppene. I tillegg har Marloes, Bjørg, Kurt og Borgny vore medhjelparar på opplæring for medlemmene.

Gjesteforelesarar

I januar hadde vi Joop Cuppen frå Seniornett sentralt som gjesteforelesar. Han heldt innlegg om «*Digital arv og Datasikkerheit*». I februar kom Per Magne Hervik frå Sparebanken Sogn og Fjordane og orienterte om: «*Sikkerheit på nett – sett frå banken si side*». Hervik kom også tilbake i haustsemesteret med ein repetisjon av si forelesing. I mars hadde Knut Erik Folland forelesing om «*Helse- og legetenesta i Sunnfjord kommune*».

Programvare

Det er ein fordel at alle deltakarane har same program på sin PC. I tillegg til Windows tilrår vi at alle installerer og brukar Office-pakke med e-postprogrammet Outlook. Windows 11, den nye versjonen av Windows, har dei fleste installert på sin PC, og mange har kjøpt seg ny PC for å kunne bruke Windows 11.

Kurslokale


På grunn av brannskade i ungdomsskulen før jul 2022, måtte ein del klassar i ungdomsskulen bruke vårt kurslokale i vårsemesteret 2023. I denne perioden fekk vi *Sørsalen* i lokala til Kulturskulen som kursrom. Frå hausten 2023 har vi vore tilbake i vårt faste kursrom, som er *Musikkrommet* i Førdehuset.

Sosiale opplegg


Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange, etter tilbakemeldingar vi har fått. Pauselokalet vårt i Førdehuset er ikkje det beste for å fremje sosial kontakt mellom deltakarane. Lokalet er på vintertid litt kaldt, og er dessutan plaga med støy og uro frå nærliggande område.

Vårsemesteret 2023 vart avslutta med felles samling for alle gruppene i Festsalen Førdehuset, men på grunn av sjukdom vart det inga juleavslutning i 2023.


Sign



Knut Johan Mikkelsen -leiar



Kurt Grønlie -kasserar



Torleif Håland -varamedlem

Aslaug Igelkjøn -skrivar

DRIFTSREKNESKAP 2023 - RESULTAT OG BALANSE

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap 2023		Budsjett 2023	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	20 600,00		14 000,00	
Office - pakke	2 400,00		2 000,00	
Kaffepengar	35 546,00		30 000,00	
Kurstilskudd Studieforbund	16 035,66		30 000,00	
Medlemskontigent i Seniornett Norge	16 790,00		16 000,00	
Norsk Tippemidler - grasrotandel	6 164,46		5 300,00	
Annet (Momskompensasjon + renter)	7 608,00		5 500,00	
Godtgjørelse til instruktører for utlegg		30 000,00		30 000,00
Servering		44 830,00		40 000,00
Ekstern kurs		5 403,14		9 000,00
Utstyr		0,00		1 000,00
Drift		0,00		2 500,00
Godtgjørelse til tillitsvalde		1 500,00		2 000,00
Reiseutgifter		12 781,00		15 000,00
Andre utgifter		9 418,00		3 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		213,50		300,00
Resultat				
Sum	105 144,12	104 145,64	102 800,00	102 800,00

RESULTATKONTO

Sum inntekter	105 144,12	
Sum utgifter		104 145,64
Fordringar 31.12.2023	0,00	
Gjeld 31.12.2023	0,00	0,00
Resultat (overskot) 2023		998,48
Sum	105 144,12	105 144,12

BALANSEKONTO per 31.12.2023

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskot 01.01.23	204 025,15	
Overskot 2023	998,48	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Kapital per 31.12.2023		205 023,63
Sum	205 023,63	205 023,63

Regnskapen er revidert og fæmnen
orden. Tilvås godkjent. Bankkonto
lemoner om sel regnskapet.
Gjorde 29. januar - 24
for Gunnar hoflund
- revisor -


leiar


forretningsfører